



Møteprotokoll

Utval: teknisk utval
Møtestad: kommunestyresalen
Dato: 05.02.2026
Tid: kl. 09.00 - 15.50

Desse møtte

Marianne Breivik
Alf Johan Antonsen
Berit Overvåg Hjorth
Hans Petter Th. Ulstein
Per Karsten Ødegård
Bjørn Gunnar Tafjord
Berit Roppen

Representerer

Ap
Frp
H
H
INP
KrF
Sp

Funksjon

medlem
leiar
medlem
nestleiar
medlem
medlem
medlem

Andre møtte

Stian Skorgen Scheide
Arne Runar Vik
Anne Kathrine Løberg
Ottar Håkonsholm
Anita Sundnes
Arild Støylen
Trine Sæter
Cecilie Roppen
Birgitte Vikanes

H
adm.
adm.
adm.
adm.
adm.
adm.
adm.
adm.

ordfører
kommunalsjef teknisk
avdelingsleiar landbrukskontoret
eigedom sleiar
leiar for plan- og bygningsavdelinga
fagansvarleg byggesak/miljø
ingeniør byggesak
planleggar
sekretær

Møtenotat:

Alf Johan Antonsen (Frp) fekk permisjon frå klokka 13.50. Ingen vara var kalla inn. Det var såleis 6 røysteføre i PS 14/26.

Berit Roppen (Sp) fekk permisjon kl 1530. Ho var med på røysting av alle sakene.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/593
PS 02/26	Godkjenning av protokoll	26/593
PS 03/26	Orienteringar	26/593
PS 04/26	Referatsaker	26/593
PS 05/26	Delegerte saker	26/593
PS 06/26	Klage på krav om avtale som oppfyller driveplikta på gnr. 17, bnr. 4	23/2887
PS 07/26	Søknad om omdisponering og deling etter jordlova - gnr. 24, bnr. 2	26/551
PS 10/26	Behandling av klage - 20240003 - Detaljregulering for Ryssholmen rorbuer	24/2311
PS 15/26	Handlingsplan for trafikktrygging ved skulesamanslåing	25/2850
PS 08/26	Dispensasjon for flytebrygge og støyping av båtopptrekk - Hasundvegen 41 - gnr. 23, bnr. 8 (Saka vart trekt)	25/2668
PS 09/26	Tilsynsstrategi etter plan- og bygningslova for perioden 2026-2027	26/571
PS 11/26	Utbyggingsavtale mellom Fagertun AS og Ulstein kommune	25/1658
PS 12/26	Debattheft 2026 - Tid for taktskifte	26/6
PS 13/26	Rullering av KIF-planen sitt handlingsprogam 2026	26/557
PS 14/26	Barnehage Hasund krins - revidert konsept	25/2495

Ulsteinvik, 06.02.2026

Alf Johan Antonsen
utvalsleiar

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende med merknaden som ligg føre.

Behandling:

Det vart omrokkering av saklista grunna praktiske omsyn.

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

PS 02/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vert godkjend utan merknad.

Behandling:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

PS 03/26 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Orienteringssak - reglar for skilting på fasader m.m. i Ulsteinvik sentrum
02/26	Status for vedlikehaldsplanen

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitende.

Behandling:

Leiar for plan- og bygningsavdelinga Anita Sundnes orienterte om reglar for skilting og fasadar med meir i Ulsteinvik sentrum.

Eigedom sleiar Ottar Håkonsholm orienterte om vedlikehaldsplanen.

Kommunalsjef teknisk Arne Runar Vik orienterte om utrasing av del av steingard mellom tomter i bustadfeltet Johanmarka i Eiksund.

Hans Petter Th. Ulstein (H) stilte spørsmål om bruk av strandområdet på gnr. 25, gnr. 340 på Stålhaugen, eigar Borgstein AS.

Kommunalsjef teknisk og ordføraren gav svar.

Fagansvarleg byggesak/miljøvern Arild Støylen, eigedom sleiar Ottar Håkonsholm, avdelingsleiar for landbrukskontoret Anne Kathrine Løberg orienterte under sakene.

Orienteringane vart samrøystes tekne til vitende.

PS 04/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
01/26	Invitasjon til drøftingsmøte - samarbeid om landbruksforvaltning på Søre Sunnmøre
02/26	Prioritering og regulering av nytt kryss fv. 61, Saunesmarka
03/26	Skiltvedtak - Skiltplan fv.653 Selvågtunellen - Ulstein kommune
04/26	Vedtak i klagesak - Ulstein 6/59 - Skeidstunet 6 - byggegrense - riving / nytt tilbygg

Vedtak:

Referatsakene vert tekne til vitende.

Behandling:

Referatsakene vart samrøystes tekne til vitende.

PS 05/26 Delegerte saker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
277/25	Endringsvedtak - Einebustad og garasje - Dyrda 21 - Gnr 25 bnr 291
18/26	Endringsvedtak - Lager-/industribygning - Storehølvegen nr. 38 - gnr. 10, bnr. 302
292/25	Endringsvedtak - Tomannsbustad med parkeringskjellar - Saunesvegen 34 - Gnr 25 bnr 22
283/25	Ferdigattest - Bruksendring av rom i kjellar og hovudetasje - Røyra 60 - Gnr 31 bnr 5
06/26	Ferdigattest - Ombygging og bruksendring - Vikemyra 4 - gnr 8 bnr 170
01/26	Ferdigattest - påbygg, med bustadar - Kyrkjegata 16 - Sjøgata 73 - gnr 7 bnr 541
280/25	Ferdigattest - Rehabilitering av skorstein - Fløvegen 898 - Gnr 1 bnr 11
05/26	Ferdigattest - To bustadblokker - Skeidsbakkane 56 og 58 - gnr 6 bnr 248
16/26	Ferdigattest - Turveg, byggetrinn 3 - Indre Haddal
296/25	Fråvik byggteknisk forskrift - TEK17. Gnr. 8, bnr. 170 - Vikemyra 4
278/25	Igangsettingsløyve 2 - Einebustad og garasje - Dyrda 21 - Gnr 25 bnr 291
03/26	Igangsettingsløyve 2 - Tilbygg - Glopen 8 - gnr 25 bnr 306
21/26	Igangsettingsløyve - 3 stk. bustadhus - Joelvsvingen 13-15-17 - gnr 29 bnr 253
19/26	Løyve til tiltak - Naust - Garnesvegen - gnr. 20, bnr. 40
11/26	Løyve til tiltak - Bruksendring - Kyrkjegata 3 - gnr 8 bnr 48
20/26	Løyve til tiltak - Einebustad - Dyrda 23 - gnr 25 bnr 426
301/25	Løyve til tiltak - Einebustad med garasje - Skeidsvegen 54 - gnr 6 bnr 239
273/25	Løyve til tiltak - Einebustad med integrert garasje - Hansvika 56 - Gnr 33 bnr 84
290/25	Løyve til tiltak - Einebustad og garasje - Skeidsbakkane 69 - Gnr 6 bnr 272
279/25	Løyve til tiltak - Fasadeskilt - Saunesvegen 4 - Gnr 8 bnr 220

02/26	Løyve til tiltak - Garasjetilbygg og støttemur - Holsekervegen 28 - Gnr 9 bnr 40
10/26	Løyve til tiltak - Mellombels reklameskilt - Joelvsvingen 13-17 - Gnr 29 bnr 253
289/25	Løyve til tiltak - Naust - Vollane - Gnr 7 bnr 626
291/25	Løyve til tiltak - Riving av einebustad og garasje - Prost Ankers gate 39 - gnr 8 bnr 86
09/26	Løyve til tiltak - Riving av våningshus - Strandvegen 49 - gnr 25 bnr 8
285/25	Løyve til tiltak - Støttemur - Spelhaugen 15 - Gnr 16 bnr 93
288/25	Løyve til tiltak - Tilbygg bustad - Dimnasund 19 - Gnr 28 bnr 25
15/26	Mellombels bruksløyve - Omsorgsbustadar - Skollebakken 1 - gnr 8 bnr 263
275/25	Mellombels bruksløyve - Einebustad - Fløvegen 385 - Gnr 5 bnr 196
293/25	Mellombels bruksløyve - Einebustad - Fløvegen 387 - gnr 5 bnr 196
281/25	Mellombels bruksløyve - Einebustad - Jarbryggjevegen 13 - gnr 6 bnr 258
287/25	Mellombels bruksløyve - Einebustad - Stålhaugen 16 - Gnr 25 bnr 386
13/26	Mellombels bruksløyve - Saunesvegen 34 - H0101 - snr. 1
14/26	Mellombels bruksløyve - Saunesvegen 34 - H0201 - snr. 2
295/25	Mellombels bruksløyve - Sjøgata 5 - H0302 (leilegheit 2)
286/25	Mellombels dispensasjon - Einebustad - Stålhaugen 16 - Gnr 25 bnr 386
284/25	Mindre endring av detaljregulering for Saunesosen - Holmen
294/25	Pålegg om opphøyr av bruk til bustad - Kyrkjegata 3 - Gnr 8 bnr 48
298/25	Rammeløyve - Utdjuping av farled og massedeponering i sjø - Skinnbrokleia, Kyrkjefluda og Svædet
276/25	Tildeling av bustadtomt nr. 52, Skeide - gnr. 6, bnr. 239
282/25	Utsleppsløyve for bustadar - Røyra 60 og 62 - Gnr. 31 bnr. 5 og 8
24/26	Vedtak i ulovligheitssak - Einebustad - Stålhaugen 16 - gnr 25 bnr 386
274/25	Vedtak om deling - Gnr 25 bnr 412 - Deling av eigedom - Indre Saunes 9,11,13 og 15
22/26	Vedtak om reseksjonering - gnr 8 bnr 404 - kontorbygning - Sjøgata 5
08/26	Vedtak om reseksjonering - gnr 8 bnr 404 - kontorbygning - Sjøgata 5
17/26	Vedtak om seksjonering - gnr 10 bnr 302 - Lagerbygg - Storehølvegen 38
04/26	Vedtak om seksjonering - Gnr 18 bnr 62 - Naust - Haddal Småbåthavn
300/25	Vedtak om seksjonering - gnr 25 bnr 435 - Tomannsbustad - Saunesvegen 34

Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til vitende.

Behandling:

Delegerte saker vart samrøystes tekne til vitende.

PS 06/26 Klage på krav om avtale som oppfyller driveplikta på gnr. 17, bnr. 4

Vedtak:

Teknisk utval kan ikkje sjå at det i klagen frå Jon Ove Ringstad datert 19.12.2025, ved advokat John Arne Dalby, er lagt fram nye og vesentlege opplysningar som ikkje var kjende for utvalet då vedtaket i sak nr. 115/25 vart gjort. Teknisk utval finn difor ikkje å kunne imøtekomme klagen på avslag om fritak frå driveplikta på gnr. 17, bnr. 4 i Ulstein kommune, jf. jordlova § 8 og reglane om klagehandsaming i forvaltningslova kap. VI.

Utvalet legg elles til grunn at del av jordbruksarealet på eigedomen vert drifta av ein gardbrukar og er del av denne brukaren sitt næringsgrunnlag. Utvalet legg vekt på at gardbrukarar i Ulstein kommune som driv næringsmessig landbruksdrift, skal ha 10-årig skriftleg avtale på leigejord som fyller krava etter jordlova § 8.

Behandling:

Røysting:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval kan ikkje sjå at det i klagen frå Jon Ove Ringstad datert 19.12.2025, ved advokat John Arne Dalby, er lagt fram nye og vesentlege opplysningar som ikkje var kjende for utvalet då vedtaket i sak nr. 115/25 vart gjort. Teknisk utval finn difor ikkje å kunne imøtekomme klagen på avslag om fritak frå driveplikta på gnr. 17, bnr. 4 i Ulstein kommune, jf. jordlova § 8 og reglane om klagehandsaming i forvaltningslova kap. VI.

Utvalet legg elles til grunn at del av jordbruksarealet på eigedomen vert drifta av ein gardbrukar og er del av denne brukaren sitt næringsgrunnlag. Utvalet legg vekt på at gardbrukarar i Ulstein kommune som driv næringsmessig landbruksdrift, skal ha 10-årig skriftleg avtale på leigejord som fyller krava etter jordlova § 8.

PS 07/26 Søknad om omdisponering og deling etter jordlova - gnr. 24, bnr. 2

Vedtak:

Teknisk utval gir med heimel i Jordlova § 9 dispensasjon for å omdisponere inntil 0,6 dekar fulldyrka jord til bustadføremaal på gnr. 24, bnr. 2.

Det er eit vilkår for omdisponeringa at tomte vert bygd på og nytta til bustadføremaal innan 3 år, viss ikkje fell omdisponeringsløyvet vekk, jf. § 9, 4. ledd i jordlova.

Grunngjeving:

Utvalet legg vekt på at arealgrunnlaget for eigedomen er marginalt. Det er svake landbruksinteresser knytt til jordbruksarealet da arealet ikkje vert nytta til matproduksjon no i dag og ligg inn i mellom ei rekke med bustadhus. Strand fekk løyve til å omdisponere fulldyrka jord for å byggje bustadhus på eigedomen som den aktuelle tomte grensar til i oktober 2023.

Behandling:

Framlegg frå Frp, H og Ap, foreslått av Alf Johan Antonsen, Framstegspartiet

Teknisk utval gir med heimel i Jordlova § 9 dispensasjon for å omdisponere inntil 0,6 dekar fulldyrka jord til bustadføre mål på gnr. 24, bnr. 2.

Det er eit vilkår for omdisponeringa at tomte vert bygd på og nytta til bustadføre mål innan 3 år, viss ikkje fell omdisponeringsløyvet vekk, jf. § 9, 4. ledd i jordlova.

Grunngjeving:

Utvalet legg vekt på at arealgrunnlaget for eigedomen er marginalt. Det er svake landbruksinteresser knytt til jordbruksarealet da arealet ikkje vert nytta til matproduksjon no i dag og ligg inn i mellom ei rekke med bustadhus. Strand fekk løyve til å omdisponere fulldyrka jord for å byggje bustadhus på eigedomen som den aktuelle tomte grensar til i oktober 2023.

Røysting:

Framlegget frå Frp, H og Ap vart vedteke med 6 mot 1 røyst (Sp).

Kommunalsjefen si tilråding:

Med heimel i Jordlova § 9 gir ikkje teknisk utval dispensasjon for å omdisponere inntil 0,6 dekar fulldyrka jord til bustadføre mål på gnr. 24, bnr. 2.

Grunngjeving:

Det ligg ikkje føre særlege høve for å gi dispensasjon til omdisponering av dyrka jord i denne saka. Sjølv om arealet er lite, er dyrka jord ein ressurs for matproduksjon som skal takast vare på og forvaltast ut frå eit langsiktig perspektiv.

PS 10/26 Behandling av klage - 20240003 - Detaljregulering for Ryssholmen rorbuer

Vedtak:

Teknisk utval viser til at det i klaga frå Ryssholmen båteigarlag ikkje kjem fram nye vesentlege moment som ikkje var kjende då kommunestyret vedtok detaljreguleringsplan for Ryssholmen rorbuer i sak nr. 74/25. Teknisk utval finn difor ikkje grunnlag for å ta klaga på kommunestyret sitt vedtak i saka til fylgje.

Klaga med relevante dokument i saka vert å sende over til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for vidare handsaming i samsvar med reglane i forvaltningslova, jf. plan- og bygningsloven (pbl) § 12-12.

Behandling:

Røysting:

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval viser til at det i klaga frå Ryssholmen båteigarlag ikkje kjem fram nye vesentlege moment som ikkje var kjende då kommunestyret vedtok detaljreguleringsplan for Ryssholmen rorbuer i sak nr. 74/25. Teknisk utval finn difor ikkje grunnlag for å ta klaga på kommunestyret sitt vedtak i saka til fylgje.

Klaga med relevante dokument i saka vert å sende over til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for vidare handsaming i samsvar med reglane i forvaltningslova, jf. plan- og bygningsloven (pbl) § 12-12.

PS 15/26 Handlingsplan for trafikktrygging ved skulesamanslåing**Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner framlegg til handlingsplan - trygg trafikk til og frå skuleområdet i Ulsteinvik revidert 30.01.2026.

Kommundirektøren set planen i verk innanfor gjeldande fullmakter.

Kommunestyret prinsippgodkjenner skiltplan revidert 30.01.2026. Teknisk utval har fullmakt til å gjere vedtak om skiltplan og eventuelt vedta mindre vesentlege justeringar av framlagt skiltplan. Utvalet gjev også tilråding til Statens vegvesen om dei trafikkregulerande skilta, jf. skiltforskriften § 28.

1. Legge til rette for at snarveggar i byggefeltar blir meir brukte. Då får borna og ungdommane bort frå bilvegane. Vedlikehald, opprydding, merking og belysning av vegane er då nødvendig
2. Leiar elevane gjennom Gjerdegata og ikkje gjennom Kyrkjegata når Fagertun er ferdig bygd.
3. Skuleskyss frå Vikemarka, Varleite og Hofsetsvingane stopper i Gjerdegata dette vil gi tryggare skuleveg og er eit ynskje frå FAU ved Ulsteinvik barneskule
4. Ber om at administrasjonen ser på forbetring av Vikebakkrysset og planlegger avstigingsplass for å førebygge farlege situasjonar

Behandling:**Tilleggsframlegg, foreslått av Berit Roppen, Senterpartiet**

1. Legge til rette for at snarveggar i byggefeltar blir meir brukte. Då får borna og ungdommane bort frå bilvegane. Vedlikehald, opprydding, merking og belysning av vegane er då nødvendig
2. Leiar elevane gjennom Gjerdegata og ikkje gjennom Kyrkjegata når Fagertun er ferdig bygd.
3. Skuleskyss frå Vikemarka, Varleite og Hofsetsvingane stopper i Gjerdegata dette vil gi tryggare skuleveg og er eit ynskje frå FAU ved Ulsteinvik barneskule
4. Ber om at administrasjonen ser på forbetring av Vikebakkrysset og planlegger avstigingsplass for å førebygge farlege situasjonar

Røysting:

Det vart fyrst røysta over kommunedirektøren si tilråding. Den vart samrøystes vedteken.

Deretter vart det røysta punktvis over tilleggsframlegget til Berit Roppen (Sp):

Punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 vart vedteke med 5 mot 2 røyster (Høgre).

Punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret godkjenner framlegg til handlingsplan - trygg trafikk til og frå skuleområdet i Ulsteinvik revidert 30.01.2026.

Kommunedirektøren set planen i verk innanfor gjeldande fullmakter.

Kommunestyret prinsippgodkjenner skiltplan revidert 30.01.2026. Teknisk utval har fullmakt til å gjere vedtak om skiltplan og eventuelt vedta mindre vesentlege justeringar av framlagt skiltplan. Utvalet gjev også tilråding til Statens vegvesen om dei trafikkregulerande skilta, jf. skiltforskriften § 28.

PS 08/26 Dispensasjon for flytebrygge og støyping av båtopptrekk - Hasundvegen 41 - gnr. 23, bnr. 8

Saka vart trekt.

PS 09/26 Tilsynsstrategi etter plan- og bygningslova for perioden 2026-2027**Vedtak:**

Teknisk utval godkjenner "Strategi for tilsyn og oppfølging av ulovlege tiltak 2026 - 2027".

Behandling:**Røysting:**

Kommunalsjefen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval godkjenner "Strategi for tilsyn og oppfølging av ulovlege tiltak 2026 - 2027".

PS 11/26 Utbyggingsavtale mellom Fagertun AS og Ulstein kommune**Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner framlegg til utbyggingsavtale mellom Ulstein kommune og Fagertun AS datert 09.12.2025.

Behandling:**Røysting:**

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret godkjenner framlegg til utbyggingsavtale mellom Ulstein kommune og Fagertun AS datert 09.12.2025.

PS 12/26 Debattheft 2026 - Tid for taktskifte

Vedtak:

Ulstein kommunestyre sender inn saksutgreiinga som innspel til årets debattheft.

Behandling:

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre sender inn saksutgreiinga som innspel til årets debattheft.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 28.01.2026 - 09/26

Ulstein kommunestyre sender inn saksutgreiinga som innspel til årets debattheft.

Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 27.01.2026 - 07/26

Ulstein kommunestyre sender inn saksutgreiinga som innspel til årets debattheft.

PS 13/26 Rullering av KIF-planen sitt handlingsprogam 2026

Vedtak:

Ulstein kommunestyre godkjenner følgjande handlingsprogram i Kommunedelplan for idrett og friluftsliv, for perioden 2026 - 2029.

Behandling:

Framlegg, foreslått av Berit Roppen, Senterpartiet

Ber om at ein fjernar sherpatrapp til Roppehornet frå planen.

Røysting:

Framlegget frå Berit Roppen (Sp) fall med 4 mot 3 røyster.

Forslag frå B. Roppen (Sp)	Fallen
MOT 4	FOR 3
Arbeidarpartiet (1/1) Marianne Breivik Kristeleg Folkeparti (1/1) Bjørn Gunnar Tafjord Høgre (1/2) Berit Overvåg Hjorth Framstegspartiet (1/1) Alf Johan Antonsen (sett manuelt av Alf Johan Antonsen)	Høgre (1/2) Hans Petter Th. Ulstein Industri- og Næringspartiet (1/1) Per Karsten Ødegård Senterpartiet (1/1) Berit Roppen

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre godkjenner følgjande handlingsprogram i Kommunedelplan for idrett og friluftsliv, for perioden 2026 - 2029.

Vedtak som innstilling frå formannskapet - 03.02.2026 - 12/26

Ulstein kommunestyre godkjenner følgjande handlingsprogram i Kommunedelplan for idrett og friluftsliv, for perioden 2026 - 2029.

PS 14/26 Barnehage Hasund krins - revidert konsept**Vedtak:**

Teknisk utval ber administrasjonen greie ut følgjande punkt før det blir teke endeleg stilling til investeringsramma:

1. Økonomiske fordelar ved samlokalisering av barnehageavdelingane til Sungodtmarka barnehage
2. Økonomiske konsekvensar av investeringsramma inkludert konsekvens for framtidig handlingsrom

Konsekvensar av å fråvike rekkjefølgjekrava knytt til barnehagen.

Behandling:**Framlegg frå H, INP og Krf, foreslått av Hans Petter Th. Ulstein, Høgre**

Teknisk utval ber administrasjonen greie ut følgjande punkt før det blir teke endeleg stilling til investeringsramma:

1. Økonomiske fordelar ved samlokalisering av barnehageavdelingane til Sungodtmarka barnehage
2. Økonomiske konsekvensar av investeringsramma inkludert konsekvens for framtidig handlingsrom

Konsekvensar av å fråvike rekkjefølgjekrava knytt til barnehagen.

Framlegg, foreslått av Marianne Breivik, Arbeidarpartiet

Teknisk utval vedtek å gå vidare med planane for ny barnehage og ber administrasjonen arbeide vidare i tråd med konseptet datert 19.1.2026 og førebu prosjektet for vidare fase. Teknisk utval aukar samla investeringsramme for prosjektet med 24,5 millionar kroner og auken i driftskonsekvensen på 1,225 MNOK vert finansiert ved å nytte auken i rammetilskotet som vist i saka.

Ny samla ramme for prosjektet vert 84,5 millionar kroner inklusiv mva.

Eigedomsleiar Ottar Håkonsholm gav ei orientering og svarte på spørsmål om saka.

Alf Johan Antonsen (Frp) hadde fått permisjon og gjekk frå. Ingen vara var kalla inn. Hans Petter Th. Ulstein (H) tok sete som møteleiar.

Røysting:

Framlegget frå H, INP og KrF vart vedteke med 4 mot 2 røyster.

Forslag frå H, INP og KrF	Vedteke
FOR 4	MOT 2
Kristeleg Folkeparti (1/1) Bjørn Gunnar Tafjord Høgre (2/2) Hans Petter Th. Ulstein Berit Overvåg Hjorth Industri- og Næringspartiet (1/1) Per Karsten Ødegård	Arbeidarpartiet (1/1) Marianne Breivik Senterpartiet (1/1) Berit Roppen

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre vedtek å gå vidare med planane for ny barnehage og ber administrasjonen arbeide vidare i tråd med konseptet datert 19.1.2026 og førebu prosjektet for vidare fase.

Ulstein kommunestyre aukar samla investeringsramme for prosjektet med 24,5 millionar kroner og auken i driftskonsekvensen på 1,225 MNOK vert finansiert ved å nytte auken i rammetilskotet som vist i saka.

Ny samla ramme for prosjektet vert 84,5 millionar kroner inklusiv mva.

Vedtak som innstilling frå formannskapet - 03.02.2026 - 09/26

Kommunestyremøte ber administrasjonen greie ut følgjande punkt før det blir teke endeleg stilling til investeringsramma:

1. Økonomiske fordelar ved samlokalisering av barnehageavdelingane til Sungodtmarka barnehage.
2. Økonomiske konsekvensar av investeringsramma inkludert konsekvens for framtidig handlingsrom.
3. Konsekvensar av å fråvike rekkjefølgjekrava knytt til barnehagen.
4. Vurdering av tomteval, om valt tomt er det mest tenlege økonomisk alternativet.